



Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 27.05.2015
Møtestad: Kommunestyresalen, Masfjordnes
Møtetid: 16:00

Orientering om reguleringsplan - Dragseidet - Risnes - Torsvik.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Willy Borge	Frp	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Fagrettleiar Ottar Myrtveit, ass. Rådmann Sveinung Toft og fung. teknisk sjef Roald Kvingedal, som og førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2015	Godkjenning av møtebok
003/2015	Hjortetildeling 2015
004/2015	Delegerte saker
005/2015	Referatsak

001/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

27.05.2015 TEKNISK UTVAL

Innkalling og sakliste vart godkjent.

TU - 001/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

002/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

27.05.2015 TEKNISK UTVAL

TU - 002/2015 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

003/2015: Hjortetildeling 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort framlegg om same tildeling som i 2014. Fagerdalen/Kringlebotn får tildelt løyver då jordskifteretten no har avklara bruksordninga. Haugsøy har ikkje vore tildelt løyver frå 2011, men etter søknad får valdet tildelt løyver. Vald som har avskytingsavtale, føl den. På desse valda nyttar ein 50% regelen og reduserar litt i tildelinga: Kvinge sør, Kvingedal, Hope-Elvik-Kvamme, Andvik, Kjekallen, Halsøy/Areklett, Bergsvik-Lauvik-Molland, Store Sleire, Lille Sleire, Matre store og Haukeland.

27.05.2015 TEKNISK UTVAL

Ottar Myrtveit orienterte om vald Fagerdalen/Kringlebotn. Valdet har ikkje sendt inn godkjent søknad med alle underskrifter.

Myrtveit orienterte om bestandsplan og vårteljing for 2015.

Det skal sendast kopi av tildelingsbrevane og vårteljingane til medlemmane i Teknisk utval.

Teknisk utval ynskjer at vårteljingane blir tatt med i saksutgreiinga når det gjeld sak om hjortetildeling.

Utvalet kom etter drøfting fram til at dei ikkje kunne godkjenne tildeling av hjorteløyve til vald Fagerdalen/Kringlebotn.

TU - 003/2015 VEDTAK:

Vedtak:

Det vart vedteke same tildeling som i 2014 med unntak av Fagerdalen/Kringlebotn, som ikkje får tildelt løyve.

Haugsføy har ikkje vore tildelt løyve frå 2011, men etter søknad får valdet tildelt løyve.

Vald som har avskytingsavtale, føl den. På desse valda nyttar ein 50% regelen og reduserar litt i tildelinga: Kvinge sør, Kvingedal, Hope-Elvik-Kvamme, Andvik, Kjekallen, Halsøy/Areklett, Bergsvik-Lauvik-Molland, Store Sleire, Lille Sleire, Matre store og Haukeland.

004/2015: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

27.05.2015 TEKNISK UTVAL

TU - 004/2015 VEDTAK:

Delegerte saker vart tekne til orientering.

005/2015: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

27.05.2015 TEKNISK UTVAL

Orientering om Risnesplanen v/ass. rådmann Sveinung Toft.

Merknader som er komne inn i saka vart delt ut i møtet.

Saka vart drøfta.

Fylkesmannen i Hordaland har hatt merknader til at det er lagt inn bustader i eit område som er avsett til hytter i kommuneplanen.

Utvalet ynskjer at bustader framleis skal liggje i planen. Utvalet ynskjer større balanse mellom hus og hytter, då kommunen treng fleire bustadtomtar.

TU - 005/2015 VEDTAK:

Referatsaka vart teke til orientering.

Rett utskrift av møtebok for Teknisk utval 27.05.2015 vert vitna.

John Torsvik

leiar